

## **Styremøte i Bryggja utviklingslag, 11/9 -17**

Desse møtte: Geir T. Engdal, Iselin Endal, Linda Nykrem, Solveig Haugan og Øystein Hessevik.



### **Sak 1 Næringslivsgruppe på Bryggja**

Drøfting av mulig oppretting av arbeidsgruppe som vil arbeide fremjande for næringslivet på Bryggja.  
Utviklingslaget ynskjer at temaet vert teke opp på Bygdemøtet 12.sept som Arbeidsgruppa arrangerer.

### **Sak 2 Søholmen**

Det må lagast budsjett for skjøtsel av holmen. Det må søkast om midlar til dette før årskiftet. Søknad sendast kulturavdelinga i Vågsøy kommune.

Tak på dohus. Kan Ronny organisere dugnad på dette i løp av hausten?

Lage eit facebookinnlegg på sponsor av benkar. Takk til Toyota Nordfjord, Sanitetten, UNU og Nordvestvinduet.

Kasserar lagar til prosjektrekneskap for volleyballbana til årsmeldinga.

### **Sak 3 Veg Maurstadbru**

Kan Berit (og Jonfinn) starte med å ta kontakt med grunneigarar på begge side av bruhaugen. Slik at ein er klar til våren og kan starte opp med ein dugnad for å rydde vegen.

### **Sak 4 Opprusting av leikeplass i byggefeltet ovanfor skulen**

Forslag om å ta ei synfaring i løp av september for å sjå kva som må gjerast.

### **Sak 5 Pynting av «Krysset»**

Rabatten som er mellom vegen ned til bygda og hovudvegen ser dårlig stelt ut. Mykje gras veks i gansteinen osv.

Forslag: Kan denne friskast opp med å ta ein vårdugnad der ein ordnar og steller området. Fjerne gras i kantstein. Ta vekk ugas og plante blomster. Dette tek vi opp på agendaen til våren, før 17.mai.

### **Sak 6 Buldrevegg i Grendahuset**

Det er gjett klarsignal frå styret i grendahuset. Øystein lagar budsjett og søker om midlar til buldrevveggen. Sjekkar og opp fristar for innsending av søker om midlar til diverse instansar: sfe, kvalheim kraft, saniteten osv. Kan idrettslaget vere ein samarbeidspartner, både på søker om midlar og evt dugnadar?